

Tilskot pr kommunal grunnskule:

I 2022 blei det innført eit nytt tilskot på 500 000 kroner pr kommunale grunnskule i kommunen. Tilskotet skulle bidra til å hindre skulenedleggingar. Tilskotet blir finansiert innanfor rammetilskotet til kommunane, ved eit trekk på eit likt beløp per innbyggjar for alle kommunane.

I 2023 var satsen prisjustert til 519 000 kr per grunnskule og pr 2025 er satsen vidare prisjustert til 563 511 kr pr skule (henta frå KS sin berekningsmodell for kommunar/grønt hefte). I 2025 utgjer tilskotet for Ulstein kommune totalt 2 817 555 kr med sine fem grunnskular.

Nedanfor har ein utarbeida ein tabell som viser korleis tilskotet vil utvikle seg om ein endrar skulestrukturen og reduserer talet på skular i kommunen.

	Scenario 1 5 skular	Senario 2 4 skular	Scenario 3 3 skular	Scenario 4 2 skular
Grunnskuletilskot (563 600 kr x skular)	2 817 555 kr	2 254 044 kr	1 690 533 kr	1 127 022 kr
Tap i grunnskuletilskot	0	- 563 511 kr	- 1 127 022 kr	- 1 690 533 kr

Som det går fram av oversikta vil kommunen med å oppretthalde dagens skulestruktur få 2 817 555 kr i grunnskuletilskot. For kvar skule som eventuelt blir lagt ned vil kommunen tape 563 555 kr pr skule. For eit scenario med tre skular vil kommunen tape 1 127 022 kr og ved to skular tape 1 690 533 kr i tilskot sett opp i mot strukturen ein har i dag (fem skular).

Usikkerheit:

Inntekstssystemutvalget har kome med forslag om å avvikle det særskilde tilskotet til kommunane fordelt per grunnskule. Ved eit regjeringsskifte i 2025 vil det kunne vere ein risiko for at tilskotet fell vekk, eller at det kan bli nytta andre fordelingsnøklar, for eksempel per innbyggjar.